

Referat frå elevrådsmøte 21.januar

1. Saker frå sist møte


- Utstyret på Mat&Helse har vore skittent etter at andre klassar har vore der. Vi må vaske på nytt. Rektor har gitt beskjed om at ein må vere nøyen på vask av utstyr. Håper det er betre.
- Kaldt i klasserom. Det er gitt beskjed til vaktmester. Håper det er betre nå. Det med varmeregulering vil dessverre vere noko vi har utfordringar med og må stå i...
- 5.klasse skal ikkje vere på 7.klasse sitt område. Dette er gitt beskjed om.

2. Informasjon

- Vi har nok dessverre korona rundt oss ei stund til. Det er viktig at vi alle fortsetjer å ta smittevernsreglane på alvor. Det betyr MYKJE dersom det skulle komme smitte at du har klart å holde nok avstand til andre.
- Skolen har handla inn 6 gaming-PCar og VR-briller. Desse har vi ein plan om at de skal få bruke i undervisning, men òg på andre måtar. Håpar dette skal bli kjekt for alle på skolen.
- Vi har også kjøpt inn whiteboardtavler og nokre oppslagstavler til dei klasseromma som ennå har grønne/svarte tavler.
- Vi har kjøpt inn nye baller til gym + ny høgtaler til bruk i gymtimane.

3. Informasjon til Ung.trinnet

- Dato for vårball: **7.mai**
- Dato for SMU-møte: 25.februar kl 18.00. Her deltar elevrådsrepresentantane for ung.skolen.
- Viktig sak: Mobilbruk i ung.skolen.
 - Det er ønsker frå foreldre i kommunen om at det skal vere mobilfri ung.skole.
 - Dette blir ei drøftingssak på SMU-møtet. Det blir viktig å få fram elevane sin stemme og dokkas meiningar.
 - Ta dette opp i klassane:
 - Ønsker vi mobilfri skole? Ja/nei
 - Gi gode grunngjevingar for valga dykkar.
 - Korleis kan vi lære godt mobilvett?
 - Kva kan vi på skolen gjere for å lære elevane dette?



Saker frå klassane:

5.klasse:

- Klassen har problem med klasseball. 6.kl har visstnok tatt ball frå 5.klasse. Målfrid sjekker med kontaktlærarane og ser kva vi kan gjere med dette.
- Vi ønsker meir utetimar. Vi av og til vere ute. I den siste tida trur eg mange har fått vore både i akebakke og på skøyter. Snakk med lærar om kor tid det kan vere naturleg å ha utetimar. Det er det lærar som avgjer.

6.klasse: Var ikkje til stades i møtet.

7.klasse:

- Vi ønsker nytt nett til bingen. Det har begynt å bli utslitt. Målfrid sjekker pris og tar ei vurdering på om vi har råd til det.

8.klasse:

- Det er varmt i klasseromma på ung.skolen i 2.etasje.. Vi prøver å senke temperaturen litt. Målfrid tar kontakt med vaktmester.

9.klasse: Ingen saker

10.klasse:

- Vi høyrer ikkje ringeklokka i 10.klasserommet. Målfrid tar det med byggefolka som har ansvar for dette. Det skal komme på plass.
- Døra skal gå opp 7.50, men det gjer den ikkje nå. Målfrid tar dette vidare og får retta opp i det.
- Vi vil ha poser til å kaste bind o.l. i på ung.skolen. Det finns på mellomtrinnet. Målfrid sjekker med reinhald ang dette.
- Lyset er ikkje på plass i klasseromma på ung.skolen. Går av midt i undervisning. Målfrid tar det vidare med byggansvarleg.

Ref.

Målfrid